



Bassengspesialisten AS  
Postboks 8024  
1508 MOSS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/107 - 19/11763

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2019

## Løyve til oppføring av basseng - gbnr 61/1 Skotsund

### Administrativt vedtak. Saknr: 211/19

Tiltakshavar: Svein Kvamme  
Ansvarleg søker: Bassengspesialisten AS  
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av badebasseng med bygd areal (BYA) ca. 36 m<sup>2</sup>.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanens arealdel.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.01.19 og supplert 19.02.19.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.01.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12+4 veker frå denne dato. Det må leggast til 1 dag for innhenting av mindre mangler.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanens arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Plasseringen blir ned i et naturlig "søkk" så det er minimalt behov for inngrep som er nødvendig, kun en enkel avretting av grunnen.

Der vi ønsker bassenget plassert, var det når kunden tok over for 5 år siden, kun gjengrodd skog. Har åpnet dette området i tillegg til totalt 4-5 mål som nå er beitemark på eiendommen. Bassengområdet er for grunt til å kunne dyrke noe på, da fjellnabbene kommer opp over alt i dette området.



Samt at bassengvannet kan brukes til vannreservoar (40m<sup>3</sup>) ved brann el.

Vi mener at dette er innenfor reglene til å montere basseng på eiendommen.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er innhenta uttale frå kommunens landbruksavdeling der dei ikkje har merknadar til tiltaket. Tiltaket krev ikkje behandling etter jordlova.

Søknaden er sendt til uttale til Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje mottatt uttale i frå dei.

### **Nabovarsel**

Ansvarleg søker opplyser at dei ikkje har nabovarsla, da naboer i liten grad påvirkast av tiltaket. Kommunen har ikkje merknader til dette.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.11.18.

### **Vatn og avløp**

Basseneget har ein eiga lukka vasskrets, og skal ikkje koblast til noko vass- eller avløpsanlegg. Basseneget skal ikkje tømmast på vinteren.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at tiltaket skal delvis gravast ned, men elles er det minimalt behov for terrengeinngrep.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Ansvarleg søker har opplyst at dei skal prosjektera etter TEK10. Kommunen gjør oppmerksam på at denne overgangsordninga etter 31.12.19 ikkje lenger kan brukast, jf. byggteknisk forskrift § 17-2 første ledd. Tiltaket må derfor prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Forvaltningspraksis i kommunen er normalt sett streng i LNF-områder. I denne saka finnast der derimot momenter som talar for ein dispensasjon. Kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket er lite, og at det påvirker LNF-formålet i liten grad. Landbruksavdelinga har ikkje kommentarar til bassenget, og viser til at det er plassert i eit område som verken er dyrka eller dyrkbar jord. Det er også ein fordel for brannsikkerheta til bustadhuset, at det finst eit vassreservoar i umiddelbar nærleik.

Hensyna i LNF-foremålet blir i liten grad satt til side, og etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-formålet er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet for oppføring av badebasseng.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av badebasseng på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.11.18, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket må prosjekterast etter TEK 17.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/107**

## **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
saksbehandler

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Kopi til:**

Fylkesmannen i Vestland  
Svein Kvamme

Njøsavegen 2  
Erstadvegen 1

6863  
5911

LEIKANGER  
ALVERSUND

## **Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Bassengspesialisten AS

Postboks 8024

1508

MOSS